# Ordet fritt

*Fantastisk flink jente. Tårene trillar når ho les dikta sine.*

**Dagny Marie Lerum om Andrea Salbu etter at vossejenta gjekk rett til semifinalen i Norske Talenter**

## «Hordaland» og naturvern

Avisa skriv på 1. sida 20.03.18 med feite bokstavar: «Overføring av to vatn gjev straum til 775 hus». Med denne overskrifta velsignar avisa to prosjekt, som det har vore fleire sterke innvendingar mot. Mange naturinteresserte, lag og organisasjonar har peika på viktige naturverdiar som vert berørt. Sjølv NVE har omtalt desse i si saksframstilling.

Mine spørsmål / kommentarar til avisa:

1. Overskrifta.
Kvar er dei 775 husa som no skal få straum? Er dei på Voss ... eller i England? Kanskje det siste, sidan Noreg no skal verta Europas nye grøne lommelyktbatteri? Avisa kunne gjerne ha laga ei meir nøytral overskrift.

2. Innhald i omtalen.
Avisa skriv at Krokatjørnet i dag renn mot Kvålsdalen, og via Møyåni ut i Hamlagrøvatnet. Det gjer det ikkje, det er Svartavatnet som renn slik.

Krokatjørnet ligg på nordaust-sida av Torfinnsosen, utanfor kartutsnittet i avisa. Utløpet i dag er til Kluftatjørni og vatnet er ført vidare ned til Hamlagrøvatnet. – Kartutsnittet syner ei raud og ei blå pil, og i teksten under, er dei to prosjekta omtala. Vanskeleg å forstå når Krokatjørnet ikkje ein gong er med på utsnittet.

I omtalen er det berre teke med synspunkta til kraft-interessene. Med sitat frå sjølvaste energiministeren, som sjølvsagt er nøgd med at endå fleire småbekkar kan nyttast til straum.



**SVARTAVATNET:** Ole Kristian Skorve er svært kritisk til at vatnet frå Svartavatnet (biletet) skal førast inn i Torfinnsvatnet. Samtidig meiner han Hordaland bør vurdera om avisa har gjeve ei balansert framstilling av denne saka.

I saksdokumenta ligg alla innspela vedr. natur og verneverdiar som er komne inn i desse prosjekta. Desse har avisa full tilgang til, dersom dei ville gitt ei balansert framstilling. Men vernesynspunkta har avisa ikkje synt interesse for i det heile.

I alle tiltak som medfører naturinngrep, så er det alltid frivillig innsats frå privatpersonar og lag, som på fritida må kjempa for naturverdiane. Utbyggjarane er alltid profesjonelle og sterke næringsinteresser, der personar i løna stillingar berre «gjer jobben sin».

Desse to småprosjekta føyer seg inn i ei lang rekkje av tilsvarande tilfelle, der småelvar skal førast inn i eksisterande anlegg. For kraftforsyninga i Europa er dette nesten ikkje målbart. Men det er inngrep i verneverdig og svært sårbar natur som er prisen å betala.

Sjølvaste Fylkesmannen også var faktisk imot desse inngrepa. Og i ein nyleg uttale seier han at det no er nok av vasskraftutbygging i landet. 70 prosent av vassdraga våre er råka til no. Ei utbygging av resten vil vera i konflikt og til stor belasting for natur og friluftsliv.

Avisa «Hordaland» kunne kanskje vurdera om dei har gjeve ei balansert framstilling av denne saka?

**Ole Kr. Skorve**

## Bonde- og småbrukerlaget krever beredskapstilskudd

Færre enn 25 kyr eller 200 geiter – mindre enn 200 tonn melk? Da bør du merke deg at Norsk Bonde- og Småbrukarlag (NBS) drøfter å styrke nettopp disse brukene med et årlig driftstilskudd på 50.000 kroner og i tillegg øremerke investeringsmidler. Dette vil vi finansiere ved å redusere distriktstilskuddet for melk med 2 øre literen og sette tak på tilskudd.

Det alle aktive bønder har til felles, er en oppriktig interesse for egen aktivitet, utvikle egen gård og ikke minst legge ned en stor arbeidsinnsats for samfunnet. Hver dag, året rundt! Uavhengig av bruksstørrelse, type produksjon, produksjonsmåte eller hvor i landet produksjonen foregår.

Vi vil at ressursgrunnlaget på det enkelte gårdsbruk, i langt større grad, skal danne grunnlaget for melkeproduksjonen i Norge, og at produksjonsrammer blir satt og investeringsmidlene brukt etter samme prinsipp. Inntektene på små og mellomstore bruk skal være høye nok til å gi disse bøndene økonomisk trygghet, og tilstrekkelig økonomisk fundament til å foreta større investeringer på eget gårdsbruk på sitt jordgrunnlag. Endring av bygningsmasse er det største løftet på alle bruk, og ei utfordring alle bønder har stått overfor til alle tider, men det krever økonomisk bærekraft. Det har ikke små og mellomstore melkebruk nå.

Situasjonen i melkeproduksjonen gir seg mange uttrykk. Ytelsen per ku øker, selv om det flater litt ut. Antall melkekyr går ned, færre kalver fødes, antallet melkebønder reduseres, kompetanse forsvinner ut av næringen, andelen import i fôret øker i takt med økt ytelse. Privat omsetning av melkekvote dominerer kvotemarkedet, kvoteprisene øker, penger forsvinner ut av næringa. «Markedsandelene» samles på færre hender og besetningsstørrelsene øker raskt. Økonomisk sårbarhet og smitterisiko øker i takt med besetningsstørrelse. Det samme gjelder stort sett for melkegeita. Antall melkegeiter holder seg relativt stabilt, men størrelsen på besetningene øker. Kjekjøttproduksjon har hatt et løft de siste årene.

Økonomien i melkeproduksjon går i favør av større bruk. I løpet av 10 år har bruk under 15 årskyr økt inntekten med bare 40.000 kroner pr årsverk, mens bruk over 45 årskyr har økt med 170.000.

NBS vil satse på små og mellomstore melkebruk og løfte fram den jobben bøndene på disse brukene gjør. Disse brukene skal ikke omstilles eller avvikles, de skal opprettholdes og utvikles. Vi trenger deres kompetanse og deres tilstedeværelse i et større perspektiv. De opprettholder «antall» bønder, som er en nøkkel for å beholde jord i drift. De har navn på dyra, har kyrne og geitene på beite, tar i bruk utmarks- og fjellbeiter og holder landskapet åpent, de kjenner hvert individ, har jord i nærheten av driftsbygningen og en maskinpark både inne og ute, i stor grad tilpasset den drifta de har, både i størrelse og vekt. Vi prioriterer familiejordbruk framfor selskapsjordbruk.

Helt i tråd med forventningene stadig mer bevisste forbrukere har til vår matproduksjon og forventningene turister har til aktivitet i vårt unike landskap. Det uttrykkes bekymring fra flere hold om negative konsekvenser av de raske endringene i struktur og de økonomiske betingelsene små og mellomstore melkebruk har. I en rapport fra 2016, «Vinn eller forsvinn for Vestlandsjordbruket», utarbeidet av Agri Analyse, konkluderer man blant annet med: «De hurtige strukturendringene kombinert med en sterkere markedsretting av inntektene i landbruket vil gjøre framtida for vestlandsjordbruket utfordrende. Dersom man ønsker en sterk landbrukssektor i en grønn omstilling, og en matproduksjon basert på norske ressurser, må en sette inn mer ressurser for å snu utviklingen».

Vi håper derfor et samlet landbruk stiller seg bak vårt forslag om et økonomisk løft for små og mellomstore melkebruk. Vi har ikke en melkeprodusent eller et matproduserende dekar å miste.

**Per-Anton Nesjan, ordfører i Norsk Bonde- og Småbrukarlag**

Hordaland
Grunnlagt 1883
**Konstituert redaktør:** Geir Geitle, gg@avisa-hordaland.no
www.avisa-hordaland.no

**SEI DI MEINING I HORDALAND**
Me vil svært gjerne at du skriv til denne spalta! Men skriv kort og under fullt namn. Redaksjonen tek seg rett til å korta ned lange innlegg. Bruk gjerne e-post: redaksjon@avisa-hordaland.no
Faks: 56 53 03 30. Post: Hordaland, Postboks 38, 5701 Voss.
Avfotografering av stoff og lysingar for vidare produksjon, er ikkje tillate utan etter avtale med Hordaland.

pressens faglige utvalg PFU
Hordaland arbeider etter «Vær Varsom-plakaten» sine reglar for god presseskikk. Om nokon kjenner seg råka av urettvis presseomtale, oppmodar me om at ein fyrst tek kontakt med redaktøren. Ein kan også ta kontakt med Pressens Faglige Utval (PFU), E-post: pfu@presse.no